



# Budsjettrapport

## 2. tertial 2023

## Innhald

Innhald.....	2
Innleiing.....	3
Rekneskapstal per 31. august.....	4
Prognose for året.....	4
Helse og omsorg.....	9
Oppvekst og kultur.....	12
Samfunnsutvikling og drift.....	15
Administrasjon m.m. ....	17
Verbale føringar.....	19
Investeringar.....	20
Vedtaksoppfølging politiske saker.....	21

## Innleiing

I tertialrapporten rapporterer me økonomisk situasjon, framdrift i arbeidet med vedtekne mål, sjukefråvær, iverksetting av verbale føringar og vedtaksoppfølging. Dette gjev ei samla tilbakemelding til kommunestyret på sentrale delar av styringsdokumenta, og viser meir av arbeidet i organisasjonen med både ordinær drift og omstilling.

Kommunestyret vedtok eit budsjett for 2023 med 0,2 mill. i overskot. Dette er godt under nøkkeltalet 1 % av brutto driftsutgifter. Våren 2023 har kommunestyret og formannskapet vedteke å nytta totalt 2 391 000,- ytterlegare i sju ulike saker. Det ligg difor ikkje inne reservar til å ta uventa utgifter i budsjettet. Sakene er:

- Formannskapssak 11/23 Rekruttering av fastlege med kommunelegefunksjon
- Formannskapssak 22/23 Auka finansiell ramme – reguleringsplan Fitjar sentrum
- Formannskapssak 23/23 Arbeidsmiljø rådhuset
- Formannskapssak 25/23 53/7 m. fl. Søknad om fritak for betaling av sakshandsamingsgebyr
- Formannskapssak 30/23 Søknad om fritak for eigedomsskatt
- Formannskapssak 31/23 61/277 Kråko Klage på sakshandsamingsgebyr
- Formannskapssak 32/23 61/404 Kråko Klage på sakshandsamingsgebyr

I revidert budsjett 2023 blei driftsbudsjettet svekka med kr 1 678 000,- til eit underskot på kr 1 432 000,-. Kommunestyret vedtok følgjande endringar i disponering (frå opphavleg budsjett):

1. Overføring til investering vert auka med kr 329 000,-
2. Avsetjingar til bundne driftsfond vert auka med kr 189 000,-
3. Bruk av bundne fond vert redusert med kr 428 000,-
4. Avsetjing til disposisjonsfond vert redusert med kr 464 000,-
5. Bruk av disposisjonsfond vert auka med kr 2 160 000,-

Basert på tala i denne rapporten, og det ein veit i dag, ligg Fitjar kommune an til å få eit overforbruk for 2023. Som denne prognosen viser er det spesielt samfunnsutvikling og drift som har hatt ei negativ utvikling.

Sjølv om inntektene til kommunen ligg an til å bli litt høgare, er dette likevel ikkje nok til å dekkja inn det auka forbruket.

Kommunelova set krav om å ha ein kommuneøkonomi i balanse og i utgangspunktet burde eit slikt varsla overforbruk blitt etterfølgt med framlegg til konkrete innsparande tiltak. Når det ikkje er gjort vesentlege grep har så skuldast det at regnskapsåret 2022 blei langt betre enn det ein frykta og at også budsjettåret 2024 ser mindre problematisk ut enn 2023 var.

Me lever i ei usikker og lite føreseieleg tid og mykje kan sjå annleis ut nokre månader fram i tid. Derfor er det viktig å ha eit sterkt fokus på kostnader i heile kommuneorganisasjonen. Dersom den økonomiske utviklinga forverrar seg er det kommunedirektøren si vurdering at ein på nytt må vurdere konkrete innsparande tiltak.

### **Overordna økonomi i 2023**

Skatteinntektene har til no vore gode, men skatteetaten har varsla at novemberoppgjæret vil bli mindre enn i fjor grunna lågare margin- og fordelingsoppgjær.

Etatane melder om knappe rammer og risiko for å enda med meirforbruk for året. Stram økonomistyring vil redusere risikoen. Om kommunen leverer eit underskot som budsjettet vil i hovudsak vera avhengig av om ekstra skatteinntekter vil dekke meirutgiftene på etat for samfunnsutvikling og drift.

### Konklusjon:

Organisasjonen har eit høgt aktivitetsnivå, og høg gjennomføringsgrad av politiske vedtak og investeringar. Kommunen har ein svak økonomisk balanse spesielt på kort sikt, og det er derfor framleis behov for ei stram økonomistyring i heile kommuneorganisasjonen.

Regnskapstala vert kommentert på kvar etat og eining.

### Rekneskapstal per 31. august

2. tertial 2023				
Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik	Budsjett
Helse og omsorg	88 423	89 286	862	114 224
Oppvekst og kultur	58 603	58 680	76	95 522
Samfunnsutvikling og teknisk	9 830	6 322	-3 507	28 491
Politisk leiing	2 623	3 153	530	6 556
Administrasjon	12 315	12 110	-205	15 749
Økonomisk forvaltning	-161 652	-155 410	6 242	-258 844
<b>Sum</b>	<b>10 142</b>	<b>14 141</b>	<b>3 998</b>	<b>1 699</b>

### Prognose for året

2. tertial 2023		
Ansvar	Budsjett	Prognose avvik ved årsslutt
Helse og omsorg		Meirforbruk
Oppvekst og kultur		Meirforbruk
Samfunnsutvikling og drift		Meirforbruk
Politisk leiing		Balanse
Administrasjon		Balanse
Økonomisk forvaltning		Meirinntekt
<b>Sum</b>		

## Mål i kommuneplanen 2020-2040

Kommunestyret vedtok 30.09.20 Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040.

- Måla i ny kommuneplan er førande for mål og strategiar i økonomiplanen
- Måla må ha styringskraft, og organisasjonen gjennomgå djupare endringar i tråd med desse.

Rapportering skjer i tertialrapportane til kommunestyret. Eit oversiktleg rapporteringssystem skapar etterspurnad etter resultat, og vil hjelpe til med å halda retning og tempo i organisasjonen sitt arbeid.

### Mål 2021-2024

Kommuneplanen (*sitat*) løftar fram brukarperspektivet og dette er ein av nøklane til å lukkast i omstillingsarbeidet i kommunen:

#### **Fokus på brukaren sine ressursar**

*Kvalitet skal prege alle tenester. I all tenesteyting vil me leite etter brukaren sine eigne ressursar, også i familie og nettverk. Ved å fokusere på brukaren sine ressursar får ein ei langt meir aktiv brukarrolle, og ein aukar samspelet med brukaren og den sitt nettverk. Slik kan fleire ressursar mobiliserast og fungere målretta saman. Eit ressursorientert brukarperspektiv tyder også at ein fokuserer på brukaren sine sterke sider. I den aldrende befolkninga er det vesentlege menneskelege ressursar som ein må nyttiggjere seg.*

*Me vil jobba tverrfagleg med tidleg innsats i alle aldersgrupper, og utvikle verknadsfulle arbeidsmetodar slik at kommunale tenester bidreg til å utjamna sosiale skilnader og uønskt ulikskap i befolkninga. Eit ressursorientert brukarperspektiv skapar meir jamvekt mellom brukaren og tenesteytaren som gjer gjensidige forventingar mogeleg.*

*I framtida vil ein måtte ivareta individuelle behov og retter, ved bruk av meir allmenne eller fellesskapsorienterte og kostnadseffektive arbeidsformer. Eksempelvis frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, utvikling av lågare trinn i omsorgstrappa. Kommunen må jobba førebyggjande og med dynamisk innsats.*

*Med utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv vil me leggja til rette for eit mangfald av tilbod om deltaking, aktivitet og opplevingar for alle aldersgrupper. Det utviklar meistring og sosiale fellesskap.*

## **Tverrsektorielle mål:**

*Rapportering skjer med kursiv skrift.*

### **Fitjar kommune skal digitalisere i alle sektorar for auka kvalitet, effektivisere og for å møta rekrutteringsutfordringa.**

- Vert rapportert i den einskilde etat

### **Kompetente og engasjerte medarbeidarar er vår største ressurs**

- Vert rapportert i den einskilde etat

### **Bygge partnerskap mellom kommunen og omgjevnadane – kapasitetsbygging**

#### **Attraktive Fitjar - Tettstadsutvikling, miljø- klima- og næringsutvikling.**

- Ny reguleringsplan for Fitjar sentrum  
*Er ferdigstilt våren 2021 før offentlig høyring. Handsaming i alle hovudutval, og politiske råd. Lagt den ut på 1. gangs offentlig ettersyn 28.04.21, og andre gangs høyring 19.01.22. NVE har levert motsegn, og ein er i dialog med dei og Statsforvaltar om handtering av dette. Planen vart lagt ut på 3. gongs høyring 15.05.2023.*
- Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester  
*Etablert "Aktive saman" som paraply for rekke samarbeid for sosialt og fysisk aktivitet blant eldre, kommunale tenester, Fitjar frivilligsentral og Fitjar Vidaregåande skule, og Fitjar frivilligsentral og institusjonskjøkenet. 3-årig samarbeidsavtale mellom Fitjar kommune og Fitjar frivilligsentral er operativ.*
- Selskapet "Fitjar Utvikling AS" skal fremja og bidra til å realisere allmenntytige investeringar som byggjer Fitjar sin attraktivitet.  
*Sak om utviding av aksjekapital vart vedteke i formannskapet 30.08.2023.*
- Utvikle mobilitetsprosjektet "Berekraftig distriktsmobilitet – Living lab Fitjar".  
*Prosjektet vart utvikla frå forprosjekt til hovudprosjekt våren 2022. Søkt finansiering av fullskala forsøk med Skyttelbuss, mikromobilitet og gamification, frå Klimasats og Vestland fylkeskommune og 300.000,- i egne midlar.. Det er laga eit nettverk av 4 mobilitetskommunar, dette er Stord kommune, Sunnfjord kommune, Bjørnafjorden kommune og Fitjar kommune. Desse kommunane søker samarbeid med fylkeskommunen/Skyss og søker samtidig om meir pengar hos fylkeskommunen. Bestillingsbuss er så neste steg. Prosjektet har hatt lite framgang ein periode.*
- Sandvikvåg næringspark.  
*Revidert planprogram for detaljregulering vart vedteke i kommunestyret 03.05.2023.*

## **Klima- og miljømål**

Fitjar **kommune som organisasjon** skal kutte sine klimagassutslepp med 70% innan 2030

Etablere klimatiltak i eigen organisasjon innan fornybar energi, bygg, VAR og transport, innkjøp og mat.

Klimamål- og tiltak i sentralt planverk.

*Kommuneplanen sin samfunnsdel styrer ulike temaplanar.*

Legge til rette for grøn innovasjon og mobilitet. *Hovudprosjekt "Berekraftig distriktsmobilitet Living Lab Fitjar".*

Fitjar kommune skal vera fossilfri innan 2030 (med unntak av brannbilar)

Elektrifisere/utsleppsfril transport i kommunen si eiga drift.

*7 av 16 bilar er el-bilar.*

Klima- og miljøkrav ved innkjøp, samordna med andre kommunar i Sunnhordland.

Miljøsertifisere kommunal verksemd.

*Fitjar kommune som hovudkontor og Fitjar Folkebibliotek har blitt miljøfyrtårnsertifisert.*

ENØK-tiltak i bygg.

*Utsifting av gatelys til ledlys pågår.*

Fossilfri byggeplass for kommunale bygg.

## Nærvær og sjukefråvær

- Måltal for sjukefråvær er 7,5 % totalt i kommunen.

### Sjukefråvær, samla for 2. kvartal 2023

For andre tertial er sjukefråværet 8,4% mot 7,5% i 2022. Det er normalt kortidsfråvær på 1,5 % totalt, medan langtidssjukefråværet er på 7,0 % totalt i Fitjar kommune.

Etat	T2 2022	T2 2023	Differanse
Helse- og omsorg	10,6 %	10,5 %	-0,1
Oppvekst og kultur	4,8 %	5,2 %	+0,4
Samfunnsutvikling og drift	4,0 %	5,0 %	+1,0
Administrasjon og politisk leiing	4,2 %	9,5 %	+5,3
<b>Samla</b>	<b>7,5 %</b>	<b>8,4 %</b>	<b>+0,9</b>

2023 er det første året sidan pandemien der sjukefråværstala ikkje er prega av lågare terskel for å halde seg heime og karantenedagar. Ein ser likevel at langtidslastninga og rekrutteringsutfordringa held fram.

To etatar klarar i andre tertial å nå sjukefråværsambisjonen om eit samla fråvær på 7,5 %. Oppvekst og kultur har eit samla fråvær på 5,2 %, medan Samfunnsutvikling og drift ligg på 5,0 %. Tar ein inn størrelsen på etaten og rekrutteringsutfordringane oppvekst og kultur har vært gjennom, er eit fråvær på 5,2 % positivt, til tross for ei mindre auke frå same periode i fjor.

Administrasjon og politisk leiing viser ei stor auke på heile 5,3 prosentpoeng. Auka skuldast i hovudsak langtidssjukemelde, utan at dette har samband med arbeidssituasjonen.

I helse og oppvekst er sjukefråværstala framleis høge; det er i hovudsak langtidssjukefråvær. Fleire større einingar har utfordringar med langtidssjukemelde og rekrutteringsvanskar. Kombinasjonen er særst uheldig. Rekruttering er framleis ei stor utfordring, til tross for at tiltak som vikarpool er teke i bruk. Me har ikkje fått sett effekten av vikarpool enda, då det blei fleire utlysingsrundar grunna manglande søknader og seinare oppstart i stillingane i helse.

## Helse og omsorg

2. tertial 2023					
Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik	Budsjett	Nr.
Helse og sosial	8 770	10 516	1 746	15 534	1
Institusjon	20 290	19 352	-938	30 150	2
Heimetenester	13 628	12 785	-843	20 152	3
Habilitering	31 310	30 946	-364	24 062	4
Helsespesialistar	6 861	7 067	206	10 950	5
NAV	7 564	8 619	1 055	13 376	6
<b>Sum</b>	<b>88 423</b>	<b>89 286</b>	<b>862</b>	<b>114 224</b>	

- Det har i perioden vore jobba med å flytte pasientar på rett omsorgsnivå, i budsjett 2023 skulle ein auke opp med tre faste institusjonsplassar og ta ned tilsvarende kortidsplassar, slik at ein stod att med 1 kortidsplass. Utfordringa ein stod ovanfor med svært mange utskrivingsklare pasientar, avlastning for pårørende og korttidsopphald første halvår, førte til at tiltaket ikkje kunne realiserast.
- Det har i dette tidsrommet vore prøvd ut med å ha kortidsplassar på Havnauset, som gjeld kartlegging, avlastning og ekstra hjelp mellom sjukehusinnleggingar. Havnauset gir tilbod på eit lågare omsorgsnivå enn sjukeheimen og ein erfarer at tilfriskning og vegen heim er kortare, noko som igjen fører til ei anna forventning om langtids plass. Der kor brukarane har eit større og meir pleietrengande behov har ein gitt tilbod på somatisk avdeling.
- Brukarar som har hatt sitt butilbod på Havnauset, og som har eit pleiebehov som ligg på eit høgt omsorgsnivå har fått vedtak om sjukeheimsplass og enkelte har flytta når det har vore ledig plass. Dette tiltaket samsvarar med målsettinga kommunen har for å møte dei demografiske utfordringane ved at eldre skal bu heime lengst mogleg.
- Iverksetting av tiltak kring ressurskrevjande tenester har eininga utsett til 2024. Dette tiltaket har stor prioritet då dette udekka behovet fører til ekstra belastning for tilsette og bebuarar i avdelinga, men har vore utfordrande å kome i gang tidlegare grunna stort sjukefråvær og kapasitet i tenesta. Arbeidet med rekruttering er starta.
- Fitjar kommune har pr. august busett 36 Ukrainske flyktningar.
- Fitjar legesenter er frå 1. september bemanna med tre legar. Fastlege med kommuneoverlegefunksjon startar i stillinga si 1. september 2023, der det er inngått avtale om næringsdrift i fastlegefunksjonen.

### Konklusjon:

Det er fleire moment i drift som gir utfordringar. Det store sjukefråværet og utfordringar med å få på tak i vikarar, har ført til at det og i pleie og omsorg har vore naudsynt å leige inn sjukepleiarar gjennom vikarbyrå for kunne gjennomføre ei forsvarleg drift. Dette fører til at det er einingar som har stort overforbruk på vikarutgifter, då spesielt FBB, og

heimebaserte tenester. Det er i tillegg meldt om auke i utgifter til omsorgsløn og avlastning for barn og unge som bur heime. Slik prognoser for rekneskap 2023 ligg føre vil etaten ha eit samla meirforbruk i 2024 på kr 400 000,-.

1. Mindreforbruket skuldast:
  - a) Det er ikkje ført utgifter til barnevernet.
  - b) Det er ført på tilskotsmidlar til kompetanse på kr 925 000,-, som skal fordelast på fleire ansvarsområde.
  - c) Det er meldt om at det vil kome fleire søknadar om avlastning og omsorgsløn for barn- og unge, der pårørande har stor omsorgsbyrde.
  - d) Ansvarsområdet går i balanse.
2. Meirforbruket skuldast:
  - a) Periodisering: ferievikarar, lisenskostnadar og etterberekning av vederlag.
  - b) Meirforbruk i sjukevikar.
  - c) Utgifter til vikarbyrå.
  - d) Prognosen syner eit meirforbruk på om lag kr 600 000,-.
3. Meirforbruket skyldast:
  - a) Periodisering: ferievikarar og lisenskostnadar.
  - b) Utgifter til vikarbyrå.
  - c) Mindreforbruk på fastløn.
  - d) Prognosen syner eit meirforbruk på om lag kr 500 000,-.
4. Meirforbruket skyldast:
  - a) Periodisering: ferievikarar og lisenskostnadar
  - b) Tiltak kring ressurskrevjande tenester vert utsett til 2024.
  - c) Prognosen syner at ein vil få eit mindreforbruk på om lag kr 200 000,-.
5. Mindreforbruket skyldast:
  - a) Periodisering: lisenskostnadar
  - b) Det kjem rekning for kjøp av kommunelegen for 2. tertial.
  - c) Vil gå i balanse.
6. Mindreforbruket skyldast:
  - a) Eininga har fått tilskot på om lag 600 000,- til ei stilling som går over heile året.
  - b) Meirinntekt frå NAV-refusjon.
  - c) Det kjem rekning frå NAV-stat for kjøp av tenester.
  - d) Prognosen er at ein vil ha eit mindreforbruk på om lag 500 000,-.

## **Anna**

Etaten for helse og omsorg har eit sjukefråvær på 10,2 % i 2. tertial, dette er om lag det same som i 2. tertial 2022 med ein liten nedgang på 0,1 %. I tillegg til sjukefråværet erfarer ein store utfordringar knytt til rekruttering av sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidarar. Dette fører til at ein har stillingar ståande vakante, då spesielt på helg. Dette gir ei større arbeidsbelastning for tilsette og leiarar, som nok har ein medverknad for det store sjukefråværet. Det er komen på plass vikarpool og to av fire har starta, dei har gått inn i langvarige vikariat. Dei to andre vikarane vil starte opp frå oktober og januar 2024. Ein vonar at vikarpool vil vera eit godt tiltak for å ha på plass kvalifiserte helsepersonell til å setje inn i ulike vikariat og vakansar. Det vert i einingane arbeida med å få ned sjukefråværet.

## **Mål for etaten Helse- og omsorg:**

### **Digitalisering**

- Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester:
- *Bruk av omsorgsteknologi skal bidra til å trygge og tilpassa tenester og føre til at innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu i eigen heim. Ein arbeidrar med implementering av måla i plan for digitalisering i helse- og omsorg. Det vert i mai implementert bruk av 7 medisindispensarar i heimetenestene. Rusomsorga har gått over til mobil pleie. -Fitjar Bu- og behandlingssenter har implementert "Aktiv forsyning", digitalt varelager*

### **Kompetanse og måloppnåing**

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene:  
*Leiarutvikling i helse og omsorg er ferdig. Det har vore gjennomført 4 modular frå hausten 2021 og fram til våren 2023. Det er fleire tilsette som har søkt på desentralisert sjukepleiar frå hausten 2023, dette tilbodet vart ikkje starta opp i år grunna for få søkjarar. For å finansiere utdanninga søker kommunen etter kompetansmidlar frå Statsforvaltaren i Vestland og OU-midlar frå KS.*
- Kompetansomobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane:  
*Iverksetting av vikarpool våren 2023.*

### **Helse- og omsorg**

- Auka innsats på førebygging, eigenmeistring og aktivitet for å motverkar passivitet og einsemd, og slik bidra til at innbyggjarane i kommunen har mindre behov for helse- og omsorgstenester:
- Her under kjem tiltak under "Aktive saman", med måltidsfellesskap og trim. I samarbeid med frivilligheita, Fitjar vidaregåande, heimetenesta og institusjonskjøkenet.
- Ny dimensjonering av dei øvste trinna i omsorgstrappa: Omsorgsbustad – døgnbemanna omsorgsbustad – institusjon, dette vil gje reduserte kostnader i helse- og omsorgstenestene.
- Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge og hindre utanforskap.
- *Etablerte og nye prosjektsatsingar pågår. "Laget" har i perioden stort sett hatt einetiltak for enkelt personar som vert følgt opp. "Ungdomskoordinator" vidarefører noko av NAV i vidaregåande skule. Ungdomskoordinatoren har ansvar for ungdom som står langt frå jobb og treng tett oppfølging. Miljøretteleiar ny prosjektstilling som starta i 2023, her vil det vera eit tett samarbeid mellom NAV-Fitjar og Rimmereid skule.*

## Oppvekst og kultur

2. tertial 2023					
Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik	Budsjett	Nr.
Skule- og oppvekstadm.	16 648	17 827	1 179	30 324	1
Rimbareid skule	26 800	25 919	-880	41 578	2
Øvrebygda skule	4 398	4 575	177	7 225	3
Selevik skule	3 329	3 229	-100	5 000	4
Fitjarstølane barnehage	5 528	5 047	-482	8 262	5
Kultur	1 900	2 082	183	3 132	6
<b>Sum</b>	<b>58 603</b>	<b>58 680</b>	<b>76</b>	<b>95 522</b>	

- Det kommunale driftstilskotet til dei private barnehagane er fordelt etter dei nye statlege føringane. Dette medfører at tilskotssatsane til barnehagane vert ulike grunna ulikt pensjonspåslag (10 % eller 11 %) Dette skuldast måten dei private barnehagane er organisert på. Det vil bli 4 færre barn i Svingen barnehage enn det som vart budsjettert i september 2022. Talet på 2022 fødte barn vart mykje høgare enn det me såg føre oss i haust. No i haust er det berre om lag 16 % av foreldra som tek ut kontantstøtte. (Tidlegare år om lag 40 %) Det nasjonale kapitaltilskotet har auka med om lag 25 % sidan budsjettet vart vedteke. I revidert budsjett vart det kommunale driftstilskotet til dei private barnehagane styrkt. Då er budsjettet om lag i balanse.
  - Stillinga som psykolog står vakant grunna vanskar med rekruttering. Det lukkast ikkje med utlysing i eit samarbeid med Tysnes kommune grunna økonomi.
  - Frå 01.08.2023 vart det innført 12 t gratis kjernetid i SFO-ordninga pr. veke også for elevar i 2. klasse. Det er gjort ei revidering av vedtekter. Dette fører til noko usikkerheit med tanke på betaling for ferieopen SFO (om det blir gjennomført).
  - Tildelt løyving til styrkte tilbud for barnehagebarn er gjennomført. Dette gjeld tiltak etter § 37 i barnehagelova (Eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod til barn med nedsett funksjonsevne) Kostnadane samla blir noko høgare enn budsjettert.
1. Mindreforbruket skuldast:
    - a. Kjøp av barnehageplassar i Stord kommune på 370.000,- er ikkje ført endå.
    - b. Tilskot på 300.000 til inkludering barn og unge (Los-funksjon), kor utlegg er ved Rimbareid skole
    - c. Kr 1.000.000,- i meirforbruk grunna kommunalt driftstilskot til dei private barnehagane. På årsbasis vil meirforbruket bli redusert til om lag 100.000,- (jf.. tiltak i revidert budsjett)
    - d. Rekomp og dekomp midlar på 140.000,- skal fordelast i forhold til utgifter.
    - e. Førebyggjande helseteneste ligg på mindreforbruk med 500.000, men det vil nullast ut ved årets slutt

Generelt kan ein sei at ulik periodisering av driftsinntekter og driftsutgifter fører til balanse i budsjettet ved årsslutt.
  2. Meirforbruket skuldast:
    - a. Tiltak kpla opp mot einskildelevar.

- b. Behov for fleire grupper i SFO ordninga i vår. Drar med oss 180.000,- i underskot på SFO frå i vår, medan det er balanse med tanke på lønsutgifter i SFO.
  - c. Eit vikarbudsjet som er underdimensjonert jf. politisk vedtak i budsjett.
  - d. Det kjem refusjonar på slutten av året for vidareutdanning.
- Totalt vil underskot vera om lag 1.000.000,- ved utgang av året

3. Mindreforbruket skuldast:

- a. Periodisering av lønsmidlar som ikkje blir brukt før i perioden september-desember.

Vil bli meirforbruk grunna større utfordringar enn venta i nokre elevgrupper.

4. Meirforbruket skuldast:

- a. Auka vikarbehov

Er om lag i balanse når ein ser på SFO og skule saman, men ved årsslutt kan det vera rundt 100.000 i minus.

5. Meirforbruket skuldast:

- a. Styrka tilbod førskulebarn. Periodisering av utgifter til § 37 i Barnehagelova. Tiltak til einskildbarn.
- b. Feil periodisering i forhold til utgifter
- c. 100.000 i minus pga. 66% auka stilling grunna 2 nye barn.

Fitjarstølane barnehage går om lag 250.000,- i underskot ved årsslutt om en tek med tilskot til styrka tilbod, §37.

6. Mindreforbruket skuldast

- a. Periodisering av tilskot til lag og organisasjonar.

Blir jamna ut i løpet av hausten, og er i balanse på årsbasis.

Anna:

Sjukefråværet innan oppvekst og kultur er framleis forholdsvis lågt, men det er ei auke frå 4,8% til 5,2%. Godt samspel mellom leiarar, tillitsvalde, tilsette og VO om sjukefråvær blir framleis viktig. Målet er at etaten skal ha eit sjukefråvær som er under 6 % ved årets utgang, men me ser samtidig at det er vanskeleg å få på plass kvalifisert arbeidskraft som vikarar. Dette kan føra til større slitasje og auka fråvær.

Mål

1. Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i st. melding 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning til 7 % i planperioden.
2. Gjennomføra planane for utviklingsarbeid i barnehage og skulane i nært samarbeid med Høgskulen på Vestlandet.
3. Auka læringsutbytte. Heva verdiane slik at verdiane ligg minimum på nasjonalt nivå målt på prøvar på 5., 8. og 9. trinn.
4. Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit snitt som ligg minimum på nasjonalt nivå. Dette som ein faktor for å betra læringsutbyte.
5. "Fitjar for alle". Sikra sosial utjamning for barn og unge.
6. Ferdigstilling av ny kommunal barnehage hausten 2023.
7. Ny skulebruksplan. Gjeldande frå 01.08.2023.
8. Ferdigstillt plan for ny oppvekstreform/barnevernsreform.
9. Gje tett og tverrfagleg oppfølging av gravide med særskilte behov.

10. Styrkje og utvikle tverrfagleg samarbeid med barnehage og skule, både på system- og individnivå.
11. Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla- og etablera nye aktivitetar for både ungdom og eldre som gjev meistring, opplevingar og sosiale fellesskap.

Iverksetjing:

1. *Andelen elevar med spesialundervisning er no i tråd med målsetjinga. Andelen har gått ned frå 8,2 % i 2022 til 6,8 % våren 2023. Samtidig Ved overgang til nytt skuleår har det kome inn elevar med svært stort støttebehov og som vil få store enkeltvedtak.*
2. *Vert gjennomført etter planen. I haust kom me i gang med temaet universell tilnærming i læringsøkta, noko som skal lede til meir inkluderande og praktisk undervisning.*
3. *Tilstandsrapport 2022/23 vart lagt fram i juni 2023 med positivt resultat Læringsutbyte for skuleåret 2023/24 nasjonale prøvar kjem i haust. Me låg over landssnittet for skuleåret 2022 - 2023.*
4. *Verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad har heva seg noko dette året både på 7. trinnet og på 10. trinnet. Fitjar ligg hårfint under nasjonal snitt både på 7. og 10. trinnet. Det har vore ein stor framgang, og vi vil fortsette å ha fokus på desse verdiane.*
5. *Fritidskassen vert nytta til å støtta familiar med økonomisk støtte til m.a. fritidsaktivitetar.*
6. *Bygging av ny kommunal barnehage skulle vera ferdig i august 2023. Det har vore problem med å få bygget ferdigstilt, i hovudsak grunna ein underleverandørar av interiør. Pr. 14.09 er det opna ei småbarnsavdeling, medan dei større barna endå er i Fitjarstølen. Nå bygget blir heilt ferdigstilt må vi justera hausten 2023. Dette kan føre til auka kostnader.*
7. *Skulebruksplanen. Både kvalitetsdel og strukturdel er ferdigstilt. Begge er gjeldande frå 01.08.2023*
8. *Ny plan for oppvekstreform/barnevernsreform vart ferdigstilt politisk i juni månad.*
9. *Har tilsett ny jordmor frå 01.05.2023. Er i gang med det viktige arbeidet på ulike plan.*
10. *Styrking og utvikling av tverrfagleg arbeid mellom helsestasjon, skule og barnehage er under arbeid i form av nyutvikla planarbeid.*
11. *Arbeidet med å vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag, organisasjonar og kommunale tenester er under utvikling. Fritidskassen har vore eit positivt innslag for betre samarbeid. Samarbeidet med frivilligsentralen er svært godt.*

## Samfunnsutvikling og drift

2. tertial 2023					
Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik	Budsjett	Nr.
Plan, byggesak og oppmåling	309	-658	-967	565	
Drift og vedlikehold	9 898	9 259	-639	22 461	
VAR	-5 172	-5 297	-125	-2 426	
SFLMK	2 159	1 417	-742	3 291	
Brann og feiarvesen	2 636	1 601	-1 035	4 600	
<b>Sum</b>	<b>9 830</b>	<b>6 322</b>	<b>-3 507</b>	<b>28 491</b>	

Konklusjon: Ubalansen skuldast i hovudsak lågare gebyrinntekter, auka utgifter knytt til aksjonar hjå brannvesenet, og høgare vedlikehaldskostnader på kommunale bygg enn budsjettet.

- Plan og byggesak:  
Gebyrinntektene på byggje- og plansaker er kring 1 300 000,- lågare enn budsjettet pr andre tertial. Mange av reguleringsplanane som er under handsaming er allereie fakturert for. Det er ikkje mogleg å føreseia tal byggje- og plansaker som kjem inn i løpet av eit år.
- VAR:  
Ansvarsområdet er tilnærma i balanse.
- Drift og vedlikehold  
Leigeinntektene er lågare enn budsjettet, og vedlikehaldskostnadane høgare. Særleg på skulebygga er driftsutgiftene høgare enn budsjettet. Utgifter til reinhald bidreg til dette. Ikkje budsjettet tilleggsarbeid til ei reklamasjonssak på LAR-senteret er omkring kr 140 000,-.
- SFLMK  
Det negative talet skuldast i hovudsak at refusjon frå Austevoll kommune for kjøp av landbrukstenester er bokført på september. Vaktgodtgjersle for ettersøkslag for 2022 er dessutan ført på inneverande år.
- Brann- og feiarvesen  
Tal aksjonar har vore høgt, og har bidrege til at særleg lønskostnadane inkl. overtid er høgare enn budsjettet. Dette utgjør kring 440.000,-. I tillegg kjem betaling for leige av plass til tankbil frå før ny brannstasjon vart opna, auka utgifter innan kurs/etterutdanning, kontingentar og arbeidskle, dessutan høgare straumutgifter enn budsjettet. Straumforbruket på brannstasjonen pr august 2023 er omkring kr. 91 000,-. mens budsjettet er kr. 21 000,-.

### Mål for Samfunnsutvikling og drift

1. Etablera klimatiltak i eigen organisasjon innan fornybar energi, bygg, VAR og transport, innkjøp og mat.
2. Klimamål og -tiltak skal inngå i sentralt planverk
3. Leggja til rette for grøn innovasjon og mobilitet
4. Elektrifisera/utsleppsfri transport i kommunen si eiga drift
5. Klima- og miljøkrav ved innkjøp, samordna med andre kommunar i Sunnhordland

6. Miljøsertifisera kommunal verksemd
7. ENØK-tiltak i bygg
8. Fossilfri byggjeplass for kommunale bygg
9. Realisere byggeprosjekt som når måla for tenestene.
- 10.0 skader m/fråvær
11. Økonomisk balanse i sjølvkostområda.

*Det er ikkje balanse i sjølvkostområdet plan- og byggesak i 2. tertial 2023*

## Administrasjon m.m.

2. tertial 2023					
Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik	Budsjett	Nr.
Politisk leiing	2 623	3 153	530	6 556	
Administrasjon	12 315	12 110	-205	15 749	
Økonomisk forvaltning	-161 652	-155 410	6 242	-258 844	
<b>Sum</b>	<b>-146 714</b>	<b>-140 147</b>	<b>6 567</b>	<b>-236 538</b>	

Budsjettet for 2023 nytta KS og SSB sine septemberestimater for berekning av lønsreserven for 2023, desse førespeglar ein lønsvekst på 4,1 %. I kommunal sektor er ein vorte samde om ei økonomisk ramme på 5,4 %. Dette medfører at tilleggsløyvingsposten er underbudsjettet med om lag kr 550 000,-.

### Avvik:

Politisk leiing viser eit mindre underforbruk. Ein ser eit mindre overforbruk kva gjeld kontingent og tilrettelegging/bistand næringsliv, begge gjeld periodisering.

Administrasjon er om lag i balanse. IKT viser eit meirforbruk knytt til lisensar, dette er kostnadar som skal fordelast og som jamnar seg ut ved periodisering. Reduksjon kurs (-300 000,-) er i budsjett plassert på administrasjon, denne summen er fordelt høveleg på etatane.

Økonomisk forvaltning viser eit positivt avvik som i hovudsak skuldast meirinntekter på skatt og inntektsutjamning. Skattedirektoratet varslar om mindre utbetaling av margin- og fordelingsoppgjera i år. Meirinntekta vil difor bli redusert i novemberoppgjeret.

## Mål

### **Digitalisering**

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparingar vert synleggjort i budsjettet.

- Digitalisering i administrasjonen vil effektivisere, løysa oppgåver på nye måtar, gje raskare sakshandsaming og lågare administrasjonskostnadar.

*Arbeid pågår fortløpande, for eksempel stadig justering av interne og eksterne nettbaserte plattformer, med fokus på sjølvbetjening.*

*Eksempel er nettside for innbyggjarane, SMAX for brukarstøtte til tilsette, utvikling av Leiarplattformen for oppfølging av løn og personal, og time- og fråværsregistreringssystem for tilsette i oppvekst, administrasjon, og teknisk.*

- Iverksette «Plan for digitalisering 2020-2025»

*Sjå punkt over.*

### **Kompetanse**

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.

*Leiarforum vert nytta som stad for kompetanseheving og erfaringsutveksling. Undervisningstema i 2023 har vært sjukefråværsoppfølging, bruk av Elements, og avvikshandtering.*

- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

### **Nærvær og sjukefråvær**

- Sjukefråværet skal vera under 7,5 %

*I andre tertial er sjukefråværet for administrasjon og politisk leiing på 9,47 %. Sjukefråværet er i hovudsak knytt til langtidsfråvær hjå enkelt-tilsette. Fråværet er ikkje relatert til arbeidssituasjonen.*

## Verbale føringar

Kommunestyret ber rådmannen komma tilbake med saker og meldingar på ulike tema knytt opp til budsjettet. Før kommunedirektøren set i gang arbeidet med sakene, skal det vera dialogmøte mellom kommunedirektøren og politisk leiing for å gå nærare gjennom bestillinga frå kommunestyret.

Tidspunkt for kva tid sakene skal fremjast vert å avklara når kommunedirektøren set opp årshjulet for 2023.

Årshjulet vart vedteke i formannskapet 08.03.2023.

### Saker:

- Planprogrammet for rullering av kommuneplanen sin arealdel må leggjast fram for endeleg vedtak i kommunestyret i løpet av første halvår 2023.

Vart lagt fram i juni

- Reguleringsplanen for utviding av fylkesveg 545 ved kommunegrensa mellom Fitjar og Stord må leggjast fram for endeleg vedtak i kommunestyret i løpet av første halvår 2023.

- Sak som gjeld etablering av tilbud om barnehage/SFO i sommarferien for foreldre som måtte ha behov for dette (utsett sak frå 2022 som skal til utval for oppvekst- og omsorg)

Vart lagt fram i juni

### Meldingar:

- Kommunestyret ber om at Utval for oppvekst og omsorg får ei melding som tek for seg behov, nytte og kostnader knytt til eit evt. helsestasjonstilbod for eldre i Fitjar.

- Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kartlegg om det er rom for å leiga ut sjukeheimplassar i Fitjar, og om det kan vera nabokommunar som er interessert i slikt. Resultatet av kartlegginga kan leggjast fram som melding til formannskapet.

Meldingssak til formannskapet 26.04.2023

### Presiseringar til budsjettet:

Organisering av pleie- og omsorgstenestene

- Pleie- og omsorgstenestene i Fitjar kommune skal halda høg kvalitet, og dei tilsette skal ha gode arbeidsvilkår.

- Kommunestyret forventar at kommunedirektøren sine planar for betre samordning og bruk av ressursane innan pleie- og omsorgstenestene vert gjennomført frå april 2023. Det må meldast frå dersom det undervegs i prosessen kjem opp tema som må behandlast politisk.

Det har sidan medio desember vore eit stort press på utskrivingsklare pasientar, samt behov for avlastning for pårørande. Dette har ført til at ein ikkje har hatt moglegheit til gå ned på kortidsplassane. I perioden har ein og måtte ta i bruk ledige rom på havnahuaset for å dekkja behovet for kortidsopphold.

Etablering av vikarpool innan helse- og skule

- Kommunestyret ber om at administrasjonsutvalet sitt arbeid med å etablere vikarpool for helse- og skuletenestene vert fullført innan 1. april. Målet for arbeidet må vera at tilsette skal få høgare stillingar og at det vert lettare tilgang på vikarar med fagkompetanse

Det er oppretta 4 stillingar i helse og omsorg og 2 stillingar i oppvekst

## Investeringar

(tal i tusen)	Brukt 1. tertial	Budsjett 2023	Gjennomføringsgrad
Investeringar i varige driftsmidlar (eksl. mva.)	32 369	50 979	63,5 %

Desse prosjekta er gjennomført:

Prosjekt	Utgift	Budsjett
Eigenkapital KLP	665 867,-	619 000,-
Kjøp bustad	2 921 790,-	3 000 000,-

Desse prosjekta er sett i gang, utan at sluttrekning er klar:

Prosjekt	Budsjett
Påbygg kommunal bustad	983 000,-
Barnehage	25 000 000,-
Trafikksikring	300 000,-
LED-gatelys	400 000,-
Anleggsbidrag Telenormaster	400 000,-
Kjøp bustad	3 000 000,-
Infrastruktur Årskog / Leirpollvegen (prosjektering)	18 000 000,-
IKT skule	600 000,-
IKT administrasjon og felles	450 000,-
UTV – brann og redning	200 000,-
Anleggsbidrag telemast	400 000,-
Fitjar Utvikling AS *	500 000,-
Oppmålingsutstyr	300 000,-
FKIB – LED-lys i saltak	155 000,-
Veg	500 000,-

Nokre prosjekt er ikkje sett i gang:

Prosjekt	Budsjett
Bustadar rus	200 000,-
Lokale ENØK-tiltak	600 000,-
Tak våningshus Årskog museum	200 000,-
Velferdsteknologi	600 000,-
Medisinsk utstyr til legesenter	270 000,-
Nye senger og madrasser til FBB	335 000,-
Pauserom/møterom på Havnahuset	150 000,-
Inventar skule	100 000,-

Opptak av lån til vidareformidling / startlån er gjennomført.

Nokre 2022-prosjekt vart ikkje avslutta før årskiftet, eller sluttrekninga kom for seint til å bli med på rekneskapan for 2022. Oppdatering på desse prosjekta er ein del av saksutgreiinga om revidert budsjett 2023.

## Vedtaksoppfølging politiske saker

### VEDTAKSOPPFØLGING

	Antal saker 2023		
	Totalt	Ferdig	Under behandling
Kommunestyret	42	16	26
Formannskapet	42	16	26
Utval for plan og miljø	19	4	15
Utval for oppvekst og omsorg	19	6	13

Me rapporterer "Ferdig" der sakene som er politisk vedtatt er iverksett, innarbeida i drift, ekspedert, eller følgt opp til eksterne aktørar.

Me rapporterer "Under behandling" når saka ikkje er ferdig / sett i verk.

Vedlagt følgjer vedtaksprotokollar.

For saker i plan- og miljø kan det vera vanskeleg å styra tempoet i iverksetting då ein ofte er avhengig av eksterne aktørar.

Fitjar kommune har ein liten administrasjon og ein monaleg saksproduksjon til politiske organ. Det er viktig å huske på at alle politiske saker både skal utgreiast forsvarleg, utformast i dialog med aktørar i og utanfor organisasjonen, og setjast i verk i etterkant.